



Arkoconsult

Dato: 28.08.2015

Vår ref.: 2015/7164-5

Saksbehandlar: annvabo

Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Kjebogen, Manger industriområde - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 3. juli 2015 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Kjebogen, Manger industriområde, med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er industriområde med tilhøyrande kaianlegg. Føremålet er i hovedsak i samsvar med kommuneplan og kommunedelplan der området er sett av til *Næringsområde* og *Industri*. Kommunen har vurdert at planen utløser krav om konsekvensutgreiling.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Klima og energi
- Landskap
- Kulturminne
- Næringsutvikling
- Samferdsel

Meir om landskap, friluftsliv, folkehelse og barn- og unges interesser

Planomtala tek ikkje for seg regionale registreringar i området. Planområdet ligg innafor det regionalt svært viktig friluftsområde Hellosen og Toskesundet og det viktige landskapsområdet Manger-Skageneset. Det er naudsynt at planprogram og konsekvensutgreiling tek for seg dette.

Meir om samferdsel

Alt arbeid i samband med fylkesvegen, til dømes avkjøringar, skal følgje Statens vegvesen sine vegenormar. Det er viktig at tiltakshavar er i tett dialog med Statens vegvesen for å syte for at trafikktryggleik vert ivaretatt.

Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka på noverande stadium i planprosessen.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. I e-post datert 31.08.2015 varsla Sjøfartsmuseet krav om marinarkeologisk registrering, og vi ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum angåande gjennomføring av feltundersøkingane.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på Areal- og transport, Arkitektur og estetikk, Barn og unges interesser, Friluftsliv, Folkehelse, Klima og energi, Landskap, Kulturminne, Næringsutvikling og Samferdsel.

Det er naudsynt at planprogram og konsekvensutgreiing tek for seg regionalt viktige landskaps- og friluftsområde.

Tiltakshavar må ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum angåande gjennomføring av feltundersøkingane.

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kjetil Sigvaldsen, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest

Radøy kommune